



Her ønskjer Møyfrid og Anders Kristoffersen å byggja kårhuset sitt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Saka om byggjing av kårhus hos Møyfrid og Anders Kristoffersen på Musland går vidare og no har dei kommentert klagen frå fylkesmannen. Fylkesmannen ønskjer at kårhuset skal liggja som ein del av tunskipnaden. Det meiner Møyfrid og Anders ikkje er mogeleg og grunngeve det med korleis tunet er utforma og allereie fylt opp.

Dei viser til at dette er ein liten vestlandsgard og at området for tunet såleis ikkje er stort, I tunet er det to driftsbygningar, ein frittstående dobbel garasje, eit frittstående eldhus, våningshuset og ei nyleg opparbeidd ridebane som er ein del av nysatsing på bruket. Her er to gardsveggar over tunet og hovudvegen går midt gjennom det.

Ned mot tunet er ei bratt li som er særst viktig med tanke på kulturbeite i nærleiken og rundt husa er det dyrka mark som er uunnværlige med tanke på drifta, som er sauehald.

Sonen Andreas skal flytte heim med familie neste sommar.

- Å bu nokre hundre meter vekke vil vi alle sjå på som positivt. Vi vil då både kunne bistå i gardsdrifta og med pass av barnebarna når onnene er strie, skriv Møyfrid og Anders.

Andreas kjem nok til å jobbe i Nordsjøen framleis og i mange år framover. Dei periodane han er på jobb vil foreldra vera avløyssarar og drive garden saman med dei unge.

- Å bu på Storhaug vil ikkje vere for langt vekke til at vi kan vere med i den daglege drifta av garden, held Møyfrid og Anders fram.

Fylkesmannen opererer med "frådeling av beiteområde", men dei peikar på at dei ikkje har søkt om dette. Dei har søkt om omdisponering av eit lite område slik at dei kan plassera eit hus der - utan hage eller anna

medfølgjande uteområde. Alt område rundt vil framleis vera beitemark. Dei har ingen planar om å dele frå. Huset skal vera ein del av inntekta til garden når det ikkje lenger er bruk for det til kårhus.

Det undrar Møyfrid og Anders at fylkesmannen seier kårhuset må ligge i tunet for at det ikkje skal vere fare for at det blir fråskilt. Næraste nabo har fått løyve nettopp til å skilja frå eit hus som ligg midt i tunskipnaden. Og det skjedde for berre få år tilbake.

Møyfrid og Anders Kristoffersen håpar på ei snarleg avklaring slik at dei kan koma i gang med å byggja kårhuset og slik at alt klart til å ta imot den nye familien neste sommar.

Av Ola Matti Mathisen